




**SURNADAL KOMMUNE**  
**NÆRINGS- OG AVDELINGA**

Det Kongelige Landbruksdepartement  
Postboks 8007 Dep.  
0033 OSLO



Dykkar ref.

Vår ref.  
TG/03/02726-003

Arkivkode  
V70 &13

Dato  
24.11.2003

**HØRING - FORSKRIFT OM TILSKOTT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I  
LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOTT TIL NÆRINGS- OG  
MILJØTILTAK I SKOGBRUKET.**

Surnadal kommune vil med dette komme med slik uttale på dei to nemnde forskriftene.

**1. KOMMENTARAR TIL FORSKRIFT OM TILSKOTT TIL NÆRINGS- OG  
MILJØTILTAK I SKOGBRUKET:**

Kommunen vil kommentere dei ulike kapittel i forskrifta.

**Kapittel 2. Tilskott til skogkultur**

Siste ledd i § 2-1 er uklart formulert.

Forskrifta legg ikkje opp til at det kan gis tilskott til skogplanting og såing. Det er dei tiltaka innafor omgrepet skogkultur som er mest kostnadskrevjande og har størst betydning for framtidig kvalitetsproduksjon. Kommunen kan ikkje sjå at det finnes faglege argument som tilseier at det ikkje skal gis opning for å gje tilskott til planting og såing der kommunen finn dette formålstenleg. Ei ordning som overfører mynde til kommunane for å styrke lokaldemokratiet kan ikkje innehalde slike restriksjonar.

Den økonomiske ramma som vert overført til kommunane er avgrensa, og kommunen må sjølv prioritere sterkt mellom dei ulike tiltaka. I enkelte høve vil det være aktuelt for kommunen å ikkje gje tilskott til planting og såing. Det må derfor være opp til kvar einskild kommune å avgjere behovet, men moglegheita for å gje tilskott må være tilstade. Dette har like mykje med signaleffekt å gjere som økonomisk kompensasjon for vilje til å satse på langsiktige investeringar. Ei forskrift som inneheld slike restriksjonar signaliserer at det ikkje er eit nasjonalt ønskje å sikre skogproduksjonen også for framtida. Dette er i strid med st meld nr 17, og "Strategiar for etablering og stell av skog i Norge", rapport frå landbruksdepartementet 2001.

I Møre og Romsdal er det gjennomført fleire berekningar frå konkrete skogsdrifter. Berekningane syner at skogplantinga som blei gjennomført i midten av førre århundre har gitt svært god avkastning for grunneigar, sjølv om vi held tilskottet utanfor. Dette var også bakgrunnen for at Fylkesmannen i Møre og Romsdal frå år 2001 ikkje utbetalte tilskott til planting etter hogst av kulturgran. Berekningane synte at avsett skogavgift frå hogsten ville dekkje framtidige kulturkostnader på arealet. Når vi likevel argumenterer for at forskrifta må gje

opning for å kunne gje tilskot til såing og planting, heng dette saman med at vi har store areal med skog som for så vidt vil gje god fortjeneste ved avvirkning, men der avsett skogavgift likevel ikkje vil dekke naudsynte skogkulturkostnader. På desse areala ser vi det som heilt avgjerande å ha økonomiske virkemiddel for å stimulere til naudsamde langsiktige investering.

Vi lever i ei tid med kortsiktige økonomiske perspektiv. Det er derfor avgjerande at vi har ei nasjonal synleggjering om at langsiktige investeringar i skogbruket er viktige for framtidens skogbruk.

Surnadal kommune foreslår med bakgrunn i dette at forskrifta gjeld for dei tiltaka innanfor skogkulturen som kvar einskild kommune finn formålstenleg.

### **Kapitel 3. Tilskott til vegbygging**

Vi støtter framlegget om at tilskot skal gå til heilskapsløysingar som gir grunnlag for betre utnytting av skog- og utmarksressursane. Vi går ut frå at det med heilskapsløysing er meint veg som er i tråd med godkjent hovudplan eller skissert løysing for slik plan.

Vi støtter også kravet om at det skal føreligge ein byggeplan som skal vere godkjent av kommunen. Det går ikkje fram av forslaget kva som ligg i omgrepet byggeplan. Vi meiner at byggeplan minst bør omfatte kart med inneteikna midtline, lengdeprofil, arbeidsbeskriving, kostnadsoverslag, og masseutrekning for vegar der det er behov for større masseflytting. Dette bør gå fram av forskrifta eller anna rettleiing. Vi foreslår at det i samband med den nye forskrifta blir utarbeidd ei liste over viktige ord og omgrep som blir brukt.

### **Kapitel 5. Tilskott til andre tiltak i skogbruket**

Etter tal frå NIJOS er 1/3 av skogarealet i M&R taubaneterreng. Siste året er det dreve ut ca 10.000 m<sup>3</sup> med taubane i fylket. Tømmer frå bratt terreng har ofte høg foredlingsverdi på grunn av høg alder, grove dimensjonar og spesielle kvalitetar. Lokal industri har utstyr og kompetanse på foredling av slikt virke. Dette er industri som har knapp tømmeretilgang og med fare for nedlegging dersom tilgangen på tømmer blir redusert.

Framlegget inneber at det ikkje lenger skal vere høve til å gi tilskot til taubanedrift. I 2003 har fylket hatt kr 600.000 i tilskot til taubanedrifter. Utan tilskot ville det ikkje vore økonomisk interessant for skogeigarane å drive desse areala med glissen skog i delvis grove dimensjoner. Tilskotsordninga har sikra ca 7 årsverk og forsynt fleire lokale sagbruk her i kommunen med tømmer.

Etter gjeldande tilskotsordning er det høve til å sette vilkår for taubanedrift for å sikre miljøverdiar, omsyn til landskap m.m. Dersom tilskotsordninga går ut, vil det bli sterkare press på bygging av enkle driftsvegar i desse områda. Det vil ikkje lenger vere same høve til å sette vilkår for å sikre miljøverdiane og sikre mot erosjon, masseutgliding m.m.

Vi viser elles til grunngevinga for at skogvirkemidlane skal overførast til kommunane er å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, betre målretting og effektivisering av verkemiddelbruken m.m. Vi viser til dette og kan ikkje sjå at det føreligg fagleg god nok grunngeving for at ordninga med tilskot til taubanedrift skal fjernast.

Viss tilskott til taubanedrift forsvinn vil også fagmiljøet som driv med taubane forsvinne raskt. Dette fagmiljøet sitt på god kompetanse og utstyr for slike drifter og det vil være vanskeleg å etablere nytt fagmiljø viss dei som er driv i dag sluttar.

Etter § 5-2 kan det gjevast tilskot til drift av tømmer med hest. Vi kan ikkje sjå at hest har plass i eit moderne og økonomisk retta skogbruk anna enn som stimulans til hestemiljøet og kanskje ved tynningsdrift i vanskeleg terreng. Drift med hest er ein skånsam driftsmetode med lite terrenginngrep likeeins som taubanedrift. Vi kan ikkje sjå at det er fagleg grunnar til å skilje desse driftsmåtane i tilskotssamanheng, og reagerer på same måte som for bortfallet av tilskot til taubane.

### **Avgrensing av tilskot til vegformål**

I høyringsskrivet blir det varsla at det i tildelingsbrevet til fylkesmennene og vidare til kommunane vil bli lagt ei avgrensing slik at tilskot til vegformål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50 % av tildelt beløp til skogtiltak i den einskilde kommunen. Vi kan ikkje sjå at det er gitt noka grunngjeving for dette.

Vi ønskjer i samband med høyringa på ny forskrift å gi nokre merknadar til dette.

Møre og Romsdal har mange og små skogeigedomar. Vegdekkinga er nå 6 meter veg pr hektar. For å legge til rette for rasjonell drift i naturskogen og i kulturskogen som står framfor haustingsfasen, er det viktig at utbygginga av eit kostnadseffektivt vegnett kan halde fram slik at vegdekkinga kan kome opp mot same dekking som i skogstrøka. Til dette trengs ei tilskotsordning som kan vere eit godt virkemiddel for vidare utbygging av vegnettet.

Den tilskotsordninga vi har hatt i ei årrekkje har vore eit tenleg og forutsigbart virkemiddel som har stimulert til utbygging av vegløysingar for større skogområde med mange eigedomar der det blir tatt omsyn til miljø- og friluftsiinteressene.

Dei siste 3 åra har det i M&R til saman vore utbetalt 13,7 mill kr i tilskot til skogsvegar og andre relevante skogbruksformål etter den nye forskrifta. 4,8 mill kr eller 35 % er utbetalt til andre relevante skogformål og 8,9 mill kr eller 65 % til skogsvegar. I mange kommunar er skogreisinga på det næraste fullført, og det har vore brukt lite midlar til andre relevante ordningar den siste tida. Ved ei nærare analyse av aktiviteten på kommunenivå, vil innføring av den føreslegne avgrensinga føre til ein reduksjon frå 8,9 mill kr til 2 mill kr i midlar som kan brukast til vegformål i 3-årsperioden.

Konklusjonen av dette er at det årlige beløp som kommunane kan bruke på veg etter dei nye reglane vil bli kraftig redusert. Dessutan vil ei slik ordning bli lite tenleg som virkemiddel for å få til rasjonelle og kostnadseffektive vegløysingar. Dette vil føre til ei sterk reduksjon av investeringane i eit framtidsretta vegnett med fare for at mykje av den skogen som skal haustast i løpet av dei komande 30 åra blir ståande som ikkje drivbar. Ut frå dette vil vi prinsipalt rå til at avgrensinga med maks 50 % til vegformål blir stroke, subsidiært at ei slik avgrensing blir innført på fylkesnivå.

## **2. KOMMENTARAR TIL FORSKRIFT OM TILSKOTT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET:**

Kommunen stiller seg positiv til omlegginga av dei spesifikke tilskotsordningane. Endringa er i tråd med målet om å styrkje lokaldemokratiet.

Kommunen ynskjer å kommentere nokre av avsnitta i høyringsutkastet til *forskrifta om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket*:

### **§ 3 Vilkår**

Det er ikkje lenger høve til at forpaktarar av landbrukseigendomar i offentleg eige kan søkje om tilskot til bevaring av bygningar o.a. Kommunen meiner dette er uheldig. Verdiane på slike eigendomar i offentleg eige er ofte store. Kontraktane mellom forpaktar og det offentlege er som oftast langsiktige. Ved å ta inn i forskrifta at leigetakarar av offentlege eigendomar med kontrakt på minst ti år kan søkje tilskot har ein høve til å ivareta verdiane på slike eigendomar.

### **§ 4, 3. ledd Tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt**

I fylgje utkastet til forskrifta kan ein yta eingongstilskot med inntil 100 % av tilskotsgrunnlaget i planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. Kommunen meiner at dersom ein ynskjer å stimulera til lokalt engasjement så bør ein kunne setje krav til eigeninnsats frå søkerane. Eit eingongstilskot med inntil 75% av tilskotsgrunnlaget kan vera høveleg.


### **§ 6 Søknad og søknadsfrist**

I høyringsutkastet står det at miljøplan skal leggjast ved der dette er pålagt. Kommunen ynskjer ei presisering i paragrafen om dette gjeld både trinn 1 og trinn 2 i miljøplanen, og korleis kommunen skal forhalda seg til organisasjonar/stiftelser o.a. som ikkje er pålagde å utarbeida miljøplan.


### **§ 8 Administrasjon, dispensasjon og klage.**

Vi ser det som positivt at kommunane skal utarbeida overordna retningslinjer for prioritering av søknader i dialog med Fylkesmannen og næringsorganisasjonane lokalt.

Med helsing



Leif Erik Meese  
Rådmann



Bergsvén Brøske  
Ordførar